

24.11.2010

Ny turn-leiing over nyttår



Over nyttår blir det ny leiing i turngruppa. ei av dei gruppene i idrettslaget som er aktive og driv verkeleg godt.

Men det er slett inga leiar-krise, for den nye leiinga er allereie sikra, får uskedalen.no opplyst av avtroppande leiar Janne Hjønnevåg.

I kveld har det vore ein ifn avslutning på sesongen i Aktivitetshuset, mellom anna med dans av over 40 smånissar! Barnetrim-flokken som inneheld fra 3 til 6 år gamle ungar, omfattar 15. Idrettsskulen, som er heilt oppe i 28 turnarar mellom 1. og 4. klasse, er den største gruppa.

Dei eldre var ikkje med på oppvisning, heller ikkje aerobic, som har hatt 15 deltagarar denne hausten. For stutt tid sidan varsla den hardt belasta instruktøren at ho ikkje makta å leia også denne gruppa vidare, men mykje tyder på at det etter nyttår blir ein dugnadsløysing slik at fleire stiller opp i tur og orden.
Ein lignande løysing ville vera ideell også for seniorane, som ikkje har hatt nokon instruktør i det siste.

Fra hausten har gruppa planar om å starta med turnøvingar som folk flest knapt har hørt om.
Yoga kjenner nok dei fleste, men kva med pilate og zumba?
Pilate er ein slags yoga medan zumba minnar om aerobic, opplyser avtroppande leiar.
På biletet over dansar idrettsskule-nissene! Dei vart sterkt applauderte.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen